


Årbok for Karmsund 1987-1992

Karmsund Folkemuseum



Haugesund 1992

Ludvig Eriksen Trykkeri a.s



*Det restaurerte Derikhuset på Salane, Hillesland i Skudenes.
(Foto v/Karmsund Folkemuseum)*

SLEKTA I DERIK- HUSET PÅ HILLESLAND.

Martin Gjersvik

Då Derikshuset skulle opnast vart eg beden om å fortelja litt om Derik-slekta. Eg laga meg då eit manuskript for muntleg framføring i kåseriform. Det er dette manuskriptet eg presenterer her.

I gamle dagar, særlig etter år med dårleg avling, flytta mange folk og heile familiar utover til kysten fra bygdene lenger inne i landet. Dei kom fra indre Ryfylke, Hardanger, Setesdal og telemarksbygdene. Ja, heilt frå Hallingdal og Hemsedal kom dei til Karmøy.

Korfor kom dei her ut? Dei kom for levebrødet - og til det store matfatet *havet*. Havet med fisk og ikke minst sild.

I 1808 kom silda tilbake og i 1830-1850 var Karmøy sentrum for sildefiske på heile norske-kysten. Folk strøymde til det såkalla «Skudenesfiske» frå Lindersnes i sør og strilalandet i nord. Frå Setesdal og Telemark tok folk seg over fjellet om hausten for å ta del i sildefisket rundt Karmøy og arbeid med sild og fisk på land.

*

Medan alle desse tilreisande venta på silda, vart dei sende opp i heiane for å mura steingjerder. Den dag i dag finn me desse steingjerdene på kryss og tvers inne i Karmøy-heiane.

Eit anna spor etter telemarkingane er telemarksroser malt m.a. inne i Salanehuset, eller «Derikhuset», på Hillesland i Skudenes. På ei dør med telemarksroser finn ein årstallet 1844.

Eit anna minne frå denne tida: Utanfor Sevelandsvik er der 2 små holmar, Brattholm og Langholm, som består av rullereinskonglomerat. Dette, forklarte den kjende gamle læraren Elias Dyrland, var forsteina komler. Restproviant som strilane hadde kvitta seg med på veg heim frå sildefiske. Han påstod til og med at han kunne sjå det forsteina myglet utanpå komlene.

*

Men det er slekta i Derik-huset eg har tenkt å fortelja litt omkring:

Alt i 1699 kom ein Sjur Didriksen og kona Boel Sjursdtr. frå Varaldsøy inne i Hardangerfjorden til Karmøy - dei stamma frå den småadeliga Losna-ætta si grein på Handagard i Jondal. Det var ei av dei mektigaste ættene i landet på 1400 talet. - - -



*Miljø frå tunet på Salane, ca. 1951
(Foto v/Karmsund Folkemuseum)*

Men som me veit så er det slutt på adelen her i landet - og det har gått tilbake med Losnaætta og.

Sjur og Boel budde først nokre år på Åkra, men flytta seinare til Dyrland.

Frå Hardanger hadde dei med seg 2 små gutar: Didrik og Sjur..

- og det er første gongen Didrik-namnet forekjem på Karmøy. Den eldste guten - Didrik - gifta seg på Dale i Skudenes og fekk i medgift ein gard på 17 spann. D.v.s. halve Dale. Seinare eigde han og 9 spann i nabogarden Tjøstheim.

Dotter til Didrik - Margrete - vart gift med Lars Torgilsen Årvoll frå Årvoll på Åkra. Farmor til Margrete skulle stamma frå dei 2 skottajentene, som iflg. segnet dreiv i land vest på Hemnes, og som i mange generasjonar nørte opp under draumen om rikdom på gods og gull frå den hollandske arven.

Lars Årvoll var åleine klokkar og den første degn - d.v.s. lærar - i Falnes, Ferkingstad og Åkra sokn frå 1741. Dei var busett på nedre Falnes. Det vart fortalt at Lars Årvoll song så høgt at dei kunne høyra han tvers over Karmsundet frå Falnes til Bokn.

Nå var vel ikkje denne klokkar- og lærar-jobben så innbringande - sjøl om han song aldri så høgt. Men han la under seg gardar og gardparter både sør og nord for Boknfjorden og inne i Ryfylke.

Sonen til Lars Årvoll - Elias Larsen - vart gift med Berta Gudmundsdr, frå Østhus i Vedavågen. Dei busette seg på Hillesland, der far hennar åtte 9

spann jord, og slik fekk slekta fyrste fotfeste på Hillesland. Seinare fekk han kjøpt ytterleg 9 spann av svogeren sin og det er ein del av desse 18 spann som Derikhuset står på.

Elias Larsen vart kalla «Hilleslandsmannen» og må ha følt seg mektig etter alle dei sagn som blir fortalt om han.

Det var stadig ufred mellom Hillesland og oppsitjarane på garden Vik. Særleg gjaldt dette om hausten i kampen om meldravatnet. Hilleslandsmannen stemde opp ånå når Vikebuen ville ha vatn på kvernane sine:

I eit bryllaup på Dale fekk Hilleslandsmannen trong for å komma ut i eit nødvendig ærend. Men han sat høgt benka og der var trongt om plassen. Ein tollbetjent som var busett i Vik oppfatta situasjonen og ropte så alle brulaupegjestene høyrde det:

«La me sjå at Hilleslandsmannen er like gode å halda vatnet nå som når han held det for Vikebuen».

Hilleslandsmannen var i stadig krangel med presten. Ein søndag sende presten drengen sin til Hillesland med spørsmål om når han kunne få malt korn på kverna til Hilleslandsmannen. Men gubben meinte at den slags ærend var brot på helgedagsfreden og svaret som drengjen fekk med seg var:

«Stort er prestens bud, men større er Guds bud. Kom igjen i morgon så skal du få veta det».

Men det var farleg å leggja seg ut med presteskapet, og heller ikkje Hilleslandsmannen hadde noko att for «knokaskapen» sin. Han klarte ikkje å samla seg eigedomar eller gods og gull slik som forfedrane sine. Då barna hans vart vaksne måtte han dela eigedomen sin på Hillesland - seinare vart den delt i både kvarter og åttendedeler.

Elias Larsen hadde 4 barn. Dottera vart gift til det gamle Risdalshuset som er i same stilen som Derikhuset og ligg på vestsida av riksvegen eit par km nord for Skudeneshavn. To av sønene - Gudmund og Johannes - delte dei 18 spann som faren eigde på Hillesland.

Den tredje sonen - Elias - vart gift med søskenbarnet sitt på Heggheim og pakta 4 1/2 spann der av svigerfaren. Elias vart og kalla «Heggheimen». I 1840 fekk han 4 1/2 spann i Hillesland og det er på dette bruket Derikhuset står.

Sonen til «Heggheimen», Didrik Eliassen vart gift med Anna Elisabeth Govertsdr. frå Dyrland. Dei fekk 8 søner.

Etter kvart som sønene vart vaksne måtte dei sjølvsagt ut og tjena til levebrødet. Dei fire eldste reiste til sjøs i sin ungdom - og dei to eldste, Elias (f. 1851) og Govert (f. 1853) overlevde. Dei to neste, Jørgen (f. 1855) kom bort på sjøen i 1875 og Didrik Andreas (f. 1857) døydde i 1876 av gulfeber på eit sjukehus i Brasil - og vart gravlagd der. Då den femte guten Erik Berdines (f. 1859) vart konfirmert ville han og reisa ut, men då sa faren: Nei. Han ville ikkje mista fleire søner til sjøs. Erik kom inn på lærarskulen i Kopervik.

Våren 1880 reiste han over til morbrøerne sine i Amerika. I løpet av dei neste 5 åra drog han dei tre yngste brøerne med seg over «dammen». Desse fire som utvandra står der ein artikkel om i boka DE SOM DRO UT, som kom ut på Dreyer forlag i Stavanger i 1975. Dei har mange etterkommarar over heile Amerika. Nokre har vore i gamlelandet og sett på fedrenes tufter og fleire vil nok komma.

Den eldste av dei åtte brøerne - Elias - levde i huset til han døydde i 1946 - 96 år gamal. Han etterlot seg ei brevsamling - bl.a. frå si tid til sjøs med skuter frå Skudeneshavn og Stavanger i åra 1870 - 80. Der fortel han blant anna om ei reise frå Kristiansund til Stockholm med skonnert LEA av Stavanger. Frå Sverige sigla dei med tjære til Genova i Italia. På vegen var dei innom Gibraltar, der kapteinen deira - Idsø - frå Stavanger - ramla overbord ein månelys kveld og drukna. Styrmannen tok skuta til Genova og dei fekk ny kaptein frå Noreg. Frå Genova sigla dei direkte til Rio de Janeiro. Der tok dei inn kaffi-last for New Orleans. I New Orleans lossa dei 3000 sekker kaffi og lasta oljekaker for Tyskland.

- - - Eller han fortel om livet som marinegast på Horten i 1874 ombord i fregatten «DESIDERIA» og om langtur med korvetten «NORDSTJERNEN» til Island for å feira 1000 årsjublet for nordmennenes sin faste busetting på Island i 874.



*Elias Didrikson Hillesland (f.1851). Biletet er fra 1870-åra, frå Elias si tid til sjøs.
(Foto i privat eige)*

*
Elias var gift to gonger og hadde fire born som voks opp. To døtrer - Anna og Gina - var ugifte og levde i «Derikhuset» saman med den ugifte halvbroren Didrik, heile sitt liv. Didrik var den yngste og døydde så seint som i 1969.

Den tredje dottera vart gift på Dale og har barn og barnebarn etter seg.

*
I et brev i nov. 1880 til broren Govert som var til sjøs, fortel Elias om den førstefødte. Det var ein vanskeleg fødsel og «*doktoren måtte til med sine tener. Det ble en liden deilig pige, og hun var temmelig medtagen, men hun*

ble rask og trivedes som en liden rose, inntil aftenen den 20. da hun blev syg og 21. ble hun døpt Anne Jørgine og døde en times tid efter i stille fred på sin moders favn. O, gid vort endeligt måtte blive som hendes.» skriv Elias.

*

Mangt og mykje har endra seg på Hillesland i dei 200 åra sidan Hilleslandsmannen Elias Larsen slo seg ned her. Berre i mi tid ser me store endringar. Særleg minnest eg alle kvernhusa ved åna som renn langs etter dalen. I tidlegare tider var der stampa, som hørde til bruket, der dei stampa vadsmål på leigebasis. Der var og grynmølle, som var ei sameige mellom fleire av bruka på Hillesland. Både stampa og mølla var i drift til kring århundreskiftet.